



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
07.12.2015
Dykkar dato
02.12.2015

Vår referanse
2015/9388 421.3
Dykkar referanse
15/1419

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - Holme - Blom fiskeoppdrett AS - Dispensasjon til flytting av oppdrettsanlegg

Vi viser til brev av 02.12.15 med førespurnad om trekking av klage.

Vi har vurdert dei nye opplysningane om at konsekvensutgreiinga skal ut på høyring. Fylkesmannen meiner at dette ikkje er tilstrekkeleg til å trekkje klaga. Det er konsekvensutgreiinga som eventuelt kan klargjere om det er grunnlag for å gje dispensasjon i denne saka. Før denne ligg føre, er det ikkje grunnlag for å vurdere om plan- og bygningslova (tbl.) sine føremål vert vesentleg sett til side, eller om fordelane er klart større enn ulempene jf. tbl. § 19-2 andre ledd. Elles meiner vi framleis at det primært bør lagast ein reguleringssplan i denne saka.

Når det gjeld krav om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing, skriv de at det ikkje er gjeve løyve til igangsetjing av noko tiltak. Vi kan ikkje sjå at dette er riktig. Sjølv om det er krav om konsekvensutgreiing før tiltaket kan utførast, er det ikkje eit automatisk krav om nytt vedtak før igangsetjing.

Vi beklagar at det har oppstått uklarheit i saka.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.